

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20171348Oppdragsnr
2017030

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Solberget 20	1	19	0	0	Solberg Hanna Sofie (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	17.08.2017	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining			
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrund	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input checked="" type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring
1: Arealoverføring av omlag 800 m2 frå 1/19 til 1/379.
2: Arealoverføring av omlag 380 m2 frå 1/19 til 1/259.

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	02.06.2017		
Rekvirent Solberg Hanna Sofie	Rekvisisjonsdato		

Habilitet

Landmålaren sitt namn Per Atle Sæle
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
19-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
19-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
19-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
19-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
259-2	Asfaltspiker Nedsatt i:	Eksist. grense nedsatt på nytt			
259-1	Asfaltspiker Nedsatt i:	Eksist. grense nedsatt på nytt			
QP2	Umerket Nedsatt i:				
QP3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
QP4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
QP5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
QP6	Umerket Nedsatt i:				
QP7	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
QP8	Kors Nedsatt i:				
QP9	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksisterende grensepunkt utgår			
QP10	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksisterende grensepunkt utgår			
QP11	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Eksisterende grensepunkt utgår			
QP12	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Eksisterende grensepunkt utgår			
QP13	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 02.06.2017 godkjent arealoverføring av to parsellar frå gnr 1 bnr 19 til bnr 379 og bnr 259, administrativt vedtak sak nr 151 og 152/2017.

Oppmålingsforretning vart halde 17.08.2017. Ved forretninga møtte Hanna Solberg for 1/19, Kurt Solberg for 1/259 og Thomas Myrmel-Isaksen for 1/379 (kom kl 1030). I tillegg til dei framømte, var også eigar av 1/258, 1/177, 1/276, 1/42 og 1/201 varsla, men møtte ikkje.

Tilleggsarealet skal grensa til den kommunale vegen. Avstand frå vegkant til grense bør vera omlag 1,5m. Det er i samsvar med avstanden frå eksisterande grense på 1/379 til vegkant. Den gamle løa på 1/19 kjem i nordvestre hjørne nesten heilt ut mot vegkanten, men Hanna Solberg opplyste at løa skulle rivast med det første og at ein dermed kunne halda 1,5m avstand frå vegkant til ny grense.

Det vart sett ned fire nye grensemerker langs vegen, grensepunkt 19-1, 19-2, 19-3 og 19-4. I eksisterande grense for 1/259 vart det sett ned asfaltspikar i to punkt, grensepunkt 259-1 og 259-2. Det vart også sett ned eit nytt grensemerke i grensa mot 1-201 etter ønskje frå Kurt Solberg. Avstanden mellom asfaltspikar i veg (259-2) og grensemerke mot 1/201 skal vera 2,10m, men ved innmåling i etterkant vart avstanden målt til 2,18. Grensemerke 259-3 skal difor justerast 0,08m nærmare grensepunkt 259-2.

Den nye delelina mellom 1/259 og 1/379 skal gå frå nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 19-2 i søraustleg retning 4,20 m til gamalt grensemerke i fjell, QP3 i grensa mot 1/258. Grensa til 1/259 går her vidare langs grensa til 1/258 først 7,76m til umerka grensepunkt QP2 og vidare 3,06m til asfaltspikar, grensepunkt 259-1 i den gamle grensa til 1/259. Tilleggsarealet til 1/259 er oppmålt til 315,8 m².

1/258 har tinglyst vegrett over 1/259 og over 1/19.

Tilleggsarealet til 1/379 grensar i vest til kommunevegen, i nord til 1/259, i aust til 1/258, 1/276 og 1/177. I sør grensar tilleggsarealet til den gamle grensa til 1/379. Alle grensepunkta mot naboegedomane er tidlegare oppmålt og merka. Tilleggsarealet til 1/379 er oppmålt til 772,9 m².

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard.

Før kommunen kan matrikkelføra dei nye grensene, må eigar av 1/19 ordna med pantefråfall på 316 m² som skal overførast til 1/259 og på 773m² som skal overførast til 1/379. Partane må også fylla ut skjema "Erklæring om arealoverføring" og returnera til kommunen.

Når arealoverføringa er tinglyst, skriv kommunen ut nye matrikkelbrev for 1/258 og 1/379 som vert sendt eigarane. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

21.08.2017

Underskrift

Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			